


# MENIGHETSBLAD



DEN NORSKE KIRKE

Gjesdal og Ålgård sokn

Nr. 2 | 2018



La oss dele det vonde og vanskelige  
Der det er hjerterom er det plass til basar

Ålgårdkonsertene:  
En rystende, flott opplevelse!



## Menighetsblad for Gjesdal og Ålgård

Nr. 2/2018  
Årgang 53  
Opplag: 4700

**Redaksjon**  
Kristine Hiiim Gilje  
Erik Tangedal  
Anne Lise Tyssebotn Gjesdal  
Målfrid H. Bjørgaas

**Trykkeri:** Gunnarshaug Trykkeri  
**Forside:** Kunst av Nora Skulstad,  
Stasjonklubb Ungdom  
**Illustrasjoner** er hentet fra  
[www.kirken.no](http://www.kirken.no)

**Frist neste nummer:** 23.mai  
**Klart for ombæring:** 6. juni

**Kontaktinfo**  
[kristine.h.gilje@gjesdal.kommune.no](mailto:kristine.h.gilje@gjesdal.kommune.no)

Kontonummer for gave til menighetsbladet: 3201 08 33409

## Andre henvendelser

Gjesdal kyrkjekontor  
Besøksadresse: Kyrkjeveien 21,  
4330 Ålgård  
Åpent tirsdag-torsdag: 10.00-14.00  
Postadresse: Rettedalen 1,  
4330 Ålgård  
Tlf: 51 61 49 40  
E-post: [kirken@gjesdal.kommune.no](mailto:kirken@gjesdal.kommune.no)

**Våre nettsider**  
[www.gjesdal.kirken.no](http://www.gjesdal.kirken.no)  
[www.algard.kirken.no](http://www.algard.kirken.no)

## NMS gjenbruk Ålgård



**Åpningstider:**  
**Tirsdag - fredag**  
11.00 - 17.00  
**Lørdag 10.00 - 15.00**



## Ansatte og ledere

Sokneprest Ålgård  
Oddbjørn Stangeland  
950 34 067

Sokneprest Gjesdal  
Bjarte Hetlebakke  
51 61 49 40

Prest Ålgård  
Mikkel Eikill Jebe  
474 14 843

Kirkeverge  
Aud Marit Eidsaa Hauge  
900 96 936

Ungdomspastor  
Jørn Idsøe  
981 21 033

Diakon  
Tonje V. Bjerkreim  
952 76 505

Kateket  
Leif H. Nyborg  
412 70 574

Trosopplærer og  
administrasjonsmedarbeider  
Kristine Hiiim Gilje  
977 65 416

Dagleg leiar Gjesdal sokn  
Leiar trusopplæring  
Tone Middelthon  
990 31 102

Administrasjonsleder og  
daglig leder Ålgård menighet  
Bente E. Johnsen  
51 61 49 40

Leiar Gjesdal kyrk. fellesråd  
Lars Arne Ueland  
957 24 430

Leder Ålgård menighetsråd  
Øyvind M. Gran  
906 55 440

Leiar Gjesdal sokneråd  
Svein Ingve Nødland  
951 68 460

Organist  
Sigmund Haaland  
920 87 852

Kyrkjetenar Dirdal  
Eivind Haaland  
992 62 668

Kyrkjetenar Ålgård  
Nils Haaland  
958 03 916

Kyrkjetenar Oltedal og Gjesdal  
Eric Lester Larson  
483 54 250

**Kjell Børge Tjemmland**, prost i Jæren prosti

## Lyset skin i verda...

Det er gått nokre år sida no. Men opplevinga står klistra i minnet endå. Det var langfredag og det var påskeaftan. Eg var i Hunan provins i Kina, på veg frå provinshovudstaden Changsha til Yiyang. Det var mørkt som natta også på dagsid. Naturen var med på sin måte og minna oss om det store dramaet som var hin påskedagar, då Jesus blei krossfest, gravlagd og fór ned til dødsriket. Eg la meg til å sova påskeaftan kveld. Rullegardina på hotellrommet var dregne ned. Dei viste seg å tetta mot lys like godt som rullegardina måtte gjere under siste krig.

På påskedags morgen var det bekrafta inne på hotellrommet. Eg opna rullegardinat, og blei samstundes blenda av eit intenst og vakkert lys, som eg verken før eller seinare har opplevd. Morgonsola skein så intenst at det gjorde god-vondt i augo. Det enorme lønne-tuntreet hadde millionar av vassdråpar hengjande på seg, «diamantar» og «prismer», som funkla og skein med alle regnbogen sine vakre fargar. Det var eit synsintrykk og ein estetisk vakker oppleving utan sidestykke for meg. Opplevinga fekk eg på påskedags morgen, oppstodedagen! Det var ei fantastisk helsing å få på nettopp denne spesielle morgonen. Gleda over den oppstadne Jesus Kristus bobla ekstra. Oppstodedagen blei krona med at me reiste frå Yiyang tilbake til Changsha og var saman med kyrkjelyden der og feira Jesu oppstode både gjennom forkynning, salmar og musikk, og gjennom at 6 vaksne frå kyrkjas blindskule der i byen blei døypte.

Påska fortel oss om Han som kom til verda som lyset for verda. Han gjekk ned i det djupaste mørkret. Han sigra over død og synd. Og nå skin lyset for oss, like inn i våre hjarte. Mørkret blir fortrent. Han som er Lyset, lyser for vår veg gjennom livet, gjer oss varme, Guds kjærleiksvarme. Han som er Kjærleiken tilgjev vår synd og gjer oss sin nåde.

Påska er Gud som har kome nær. I Jesus Kristus forsonar Gud seg med oss, og gjer oss liv, håp og framtid. Denne bodskapen skal me få lytta til i påsketida, ta til oss og satsa liv og framtid på.

Velkommen til gudsteneste i kyrkjene våre i påska.

Kjell Børge Tjemmland  
Prost, Jæren prosti



Aud Marit Eidsaa Hauge, kyrkjeverge

## Pilegrimsvandring for heile Jæren prosti

**2 påskedag, 02.04.2018, kl. 11.00**

Pilegrimsvandring frå Nærlandsparken via Håtangen til Kristkrossen på Njærheim.

Parkering på P-plass ved den tidligare kyrkja.

Me startar med kort friluftsgudsteneste.  
Vandringa tek til straks etter.

Ta med matpakke og drikke til ei pause undervegs.

Velkommen til å vere med bare på gudstenesta også.

Kjell Børge Tjemmland har gudstenesta.  
Reidun Gudmestad og Ola Undheim leier  
pilegrimsvandringa.

(Neste vandringar er Jonsok 24.6 og Olsok 29.07)

Arrangør: Pilegrimskomiteén for Jæren prosti

## Nytt fra fellesrådet

Sesongen for vielser står for døren, og vi ser frem til å ta imot de 14 brudeparene som skal vie seg i en av kirkene denne sommeren. Vi ønsker at vielsen i kirken skal være en den beste starten for et godt ekteskap, og håper at brudeparet får med seg en minnerik festdag. Mange brudepar ønsker seg Gjesdal kyrkje som ramme for sin vielse. Det vil i løpet av våren og sommeren pågå noe arbeid for å bedre brann- og rømningsveiene ut av kirken, samt noen mindre tiltak innvendig for å øke personstallet i kirken. Arbeidet vil avvikles på en slik måte at det vil være til minst mulig sjenanse for vielsene. I 2019 skal hele kirken renoveres, og da vil kirken bli avstengt for kirkelige handlinger i perioder.

Statistikken for 2017 er fullført, og tallene viser at det også i 2017 har vært stor aktivitet i Ålgård og Gjesdal sokn. Flere tusen mennesker både av Gjesdal sin befolkning og tilreisende har vært innom på konserter og kulturarrangement, jevnlig ukentlige aktiviteter, samt vielser og gravferder. Kirkene i kommunen åpnet dørene for 16 700 deltakere på de 139 gudstenestene som ble avholdt på fredager, lørdager og søndager. 121 ungdommer ble konfirmert, 91 barn ble døpt, 19 par viet og 41 gravferder ble holdt i kirkene. Som kirke er vi med i sorg og i glede, og ønsker å være tilstede i ulike livsfaser.

## Nye redaksjonsmedarbeidere søker

Er du glad i å skrive og/eller ta bilder? Vi i redaksjonen til menighetsbladet vil veldig gjerne ha flere med oss. Menighetsbladet for Gjesdal og Ålgård kommer ut fem ganger i året og deles ut i hele kommunen. Ta kontakt med redaksjonen om du er interessert!

Det er også fullt mulig å sende inn tekst og bilder som kan være av interesse, uten å være med i redaksjonen.

# Det vonde og vanskelige...

## Mi første sorg

TEKST OG FOTO: ERIK TANGEDAL

Ein sjukehustabbe ved Kvinneklinikken i Bergen var grunnen til at mor miste ein fullboren gutebaby i fødselen. Eg, den førstefødde, var født heime og overlevde. Fødselen skulle difor vera heime denne gongen.

Det var om våren. Løvetannen stod i blom. Eg var fire år og skulle vera hos farmor Sina på nabogarden denne ventedagen. Eg minnest klårt eg sat i graset og laga lekkjer av løvetann-stikkar. Det skulle vera leike til veslebroren som var venta. Sol, glede og sommar i vente.

Så minnest eg det alvorlege andletet

til far då han kom og skulle henta meg. Eg skjøna nok straks at ikkje alt var som det skulle vera. Far tok meg ned i kjellaren heime, og der på eit teppe på bordet låg ein liten død gutekropp. Eg minnest han som kvit og veldig vakker.

Så minnest eg far snekra kiste nede på verkstaden. Eit veldig klårt bilet – som eit blitzfoto – er synet av den vesle vognen med den little kvite kista oppå akkurat i svingen frå bruhaugen og i bakken opp mot kyrkja. Far drog og eg gjekk bak vognen og opplevde intens sorg. Veslegut fekk vel ikkje noko namn, ei heller nokon gravstein, men han vart lagt i ei barnegrav på kyrkjegården der dei andre barnegravene var. Det var vel ikkje nokon vanleg seremoni, i alle fall ikkje inne i kyrkja.



Mor Emma var lærar og måtte nok ta fatt på skuleåret som vanleg då hausten kom. Som voksen har eg tenkt at far min var ein vis mann som tok fireåringen med inn i sorga si verd. Han synte ein tankegang langt føre si tid. Sorg og død skulle ikkje snakkast om i familien den gongen. Det var oftast eit ikkje-tema.

## Lærer Den norske kirke at udøpte barn går fortapt?

KLIPP FRA DAGSAVISEN DAGEN  
6. MAI 2017:

Spørsmålet om hva som skjer med udøpte spedbarn som dør har helt siden oldtiden opptatt teologer. I Norge har det flere steder vært folketro at spedbarn må døpes for å få frelse. Spørsmålet om barnedåp var også foranledningen for flere kirkessplittinger i det forrige århundret.



**Bjørgvin-biskop Halvor Nordhaug** avfeier troen på at udøpte barn går fortapt.

– Vår kirke tror at dåpen gir del i frelsen. Dette betyr derimot ikke at det motsatte gjelder for ikke-døpte. Det har vi aldri sagt eller ment.

– Hvilken betydning har det da at færre barn blir døpt nå enn tidligere i Norge?

– Vi er opptatt av at barn skal bli døpt og så ført inn i en kristen menighet gjennom trosopplæringen. Dåpen er ikke en enkelt episode, men starten på et langt liv med Kristus. Den som ikke blir døpt får ikke del i dette på samme måte, sier Nordhaug.

Biskopen forteller at i prinsippet er alle barn velkomne til trosopplæring, men at de ikke står oppført på kirkens lister.

– De får derfor ikke en personlig innbydelse, og foreldrene må i stedet lese annonser i avisene for å få kunnskap om tilbudene. Dette blir selvsagt ikke det samme, sier Nordhaug.

**Også professor Harald Hegstad** ved Menighetsfakultetet sier at en slik lære ikke er begrunnet i luthersk dogmatikk.

– Det har vært forestillinger om at dåpen var nødvendig for at et spedbarn skulle bli frelst i den norske befolkningen, men ikke etter kirkens lære. Det ser man blant annet av Erik Pontoppidans katekismekommentar.

Pontoppidan er kjent som biskop av Bergen, og for å ha forfattet en kommentar til Luthers katekisme som var pensum i Norge frem til 1900-tallet. I katekismen skriver Pontoppidan på spørsmål om små barn som dør tidlig går fortapt:


«Nei, slett ikke. For de forakter ikke, men mister et nådemiddel, som Gud vel har bundet oss til, men ikke seg selv, da han også uten dåp kan gjøre salig.»

Simon Eidesvik i dagsavisen DAGEN  
6. mai 2017.

# I for store sko

Temakveld med Øystein Kindervaag, kjent fra #Gultår i Aftenbladet.  
Torsdag 19.april kl 19.30 i Bryne kirke

Solveig var gravid, og hadde termin 1. januar 2012. De gledet seg til å få en sønn, men det hele ble snudd på hodet da kreften kom inn i familien. Jula 2011 fikk de beskjeden som ingen vil høre. Solveig fikk påvist en stor svulst på hjernen. En uhelbredelig svulst. Hun døde 29.09.15, i en alder av kun 31 år. Men Solveig vant livet – hver dag.



Øystein Kindervaag (38) pleiet sin alvorlig syke kone i fire år og fikk underveis en alvorlig depresjon. Sammen delte den lille familien oppturer og nedturer med Aftenbladets lesere i #gultår-bloggen og Øystein ble i 2016 tildelt årets kreftpris for åpenheten sin. Nå kan du få høre den sterke historien på temakvelden i Bryne kirke.

Musikalsk innslag og  
enkel bævertning

Velkommen

Arr: Diakonene i Jæren prosti



## Når vi mister noen vi er glad i, føles det vondt og vanskelig.

Kirken ønsker å være en støtte i den tunge tiden, og inviterer til sorggruppe sammen med andre etterlatte. Gruppen møtes 8-10 ganger og har ledere med kunnskap og erfaring med sorg.

Ta kontakt med diakon, tlf 51614940

## TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde.

Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 400 040

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 KIRKEN'S SOS

# Basar i kjellarstova?

TEKST: ANNE LISE TYSSEBOTN GJESDAL

FOTO: PRIVAT

Dei fleste av oss har vel basarminne frå mange år tilbake. Sjølv hugsar eg basarar i det gamle bedehuset, med halve skillingsbollar med brun ost og raud saft. Ulike lag og foreiningar har skipa til desse samkomene i mange år, og det har vore viktige inntekter å hente der. Samstundes har dette vore viktig for bygdemiljøet.

Misjonsforeiningane har vore trufaste til å oppretthalda denne tradisjonen, noko som gjerne viser seg i årlege basarar på bedehuset. Men kva gjer vi om huset vi brukar å halde til i blir rive eller seld? Vølstad og Madland kvinneforeining opplevde dette i 1980, då skulehuset på Vølstad vart historie.

Vølstad og Madland kvinneforeining er ei gammal NMS-foreining, og vart stifta alt i 1882. Talet på medlemer den første tida kjenner vi ikkje til, men foreininga har arbeidd trutt i alle desse åra. Ved 100-års-jubileet var det 10 medlemer, men etter som åra har gått, har medlemstalet gått nedover.

Denne basaren har så langt vi kjenner til vore halden i samband med palmesøndag heilt frå foreininga starta. Laurdagen var fast basardag på den tida, og vart halden på Vølstad. Folk tok til å koma i 10-tida. Det kom mange tilreisande frå nabogrendene, og var gjerne inne hjå venner og kjende og fekk middag først, så gjekk dei på



Vølstad og Madland kvinneforening, 1976

basaren og kjøpte nummer. Sidan var både store og små ute og slo ball, før det var tid å gå inn og kjøpa sirupsake og kaffi. Utpå kvelden var det endeleg tid for trekninga. Det er fortalt at borna skunda seg heim frå skulen den dagen. Basardagen var ein festdag.

Gunvor Nevland, som har vore formann sidan 1970, syns det var for gale å slutta med basar då skulehuset vart vekke, og kom på at dei skulle prøva å ha basaren i kjellarstova på Nevland. Slik har det no vore i meir enn 30 år.

Men medlemstalet i foreininga er no berre 4, så ein skulle tru det kan bli vel mykje arbeid for husets folk? Gunvor fortel at dei har mange gode hjelparar. Born, barneborn og oldeborn gler seg til basardagen, og folk rundt i bygda møter trufast fram år etter og, mange med gevinstar eller anna hjelp. Påskan begynner med basaren, seier dei.

Programmet er tradisjonelt, med song, andakt, åresal og trekning. Og sjølvsagt mat! Då spreier forsamlinga seg rundt i heile huset.

I kjellarstova hjå Gunvor og Karl Nevland er det plass til mange. Dei som ikkje går inn i sjølve rommet, får plass oppover i kjellartrappa.

Basarane har vorte enklare etter kvart. Og no er basaren om kvelden fredag før palmesøndag. Basaren er framleis ein festkveld. Gunvor fortel at ho stundom tenkjer at no er det nok, men så tenkjer ho at det eigentleg er svært lite arbeid med basaren i forhold til resultatet. I fjor fekk dei inn over 22.000 kr til NMS.

Og fredags kveld før palmesøndag er det tid for ny basar på Nevland. Det er sikkert plass til endå fleire.



Stinn brakke på basar på Nevland i 1992



Gunhild Søyland har andakten på basaren i 1992

# BARNAS SIDE


## Fargelegg!

Jesus ga livet sitt for at vi skulle få evig liv.



## Kryssord

I kryssordet skal dere bare bruke Det nye testamentet. Store tall i Bibelen er kapittel, små tall er vers. Markus 2,11 betyr altså kapittel 2, vers 11 i Evangeliet etter Markus. Løsningen på kryssordet står i de fargede rutene.



Line var hos frisøren.  
Frisøren holdt på med håret i nakken og spurte:  
– Vil du beholde den fine hestehalen?  
– Ja, det vil jeg.  
– Ok, da legger jeg den i en pose.

## Vitser

– Hva vil du helst ha av en vakker eller en smart kvinne? spurte kona.  
– Ingen av delene, svarte mannen. – Jeg vil jo bare ha deg!

## Finn 5 feil

Tegninger: Charlotte Sandmæl

Da kvinnene kom til graven, fortalte engelen dem at Jesus var stått opp. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



## Vi anbefaler barnebladet BARNAS!

Denne siden  
er hentet  
fra bladet.



Bestill  
abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00

# På kirkebakken

## ONSDAGSTREFF

Vi fortsetter med onsdagstreff også dette semesteret.

**Onsdag, den 11. april:**


Solfrid Dåsvand-Holtet: «Interkulturelt engasjement, hjemme og ute»

**Onsdag, den 9. mai:**

NN: «Laust og fast frå Gilja»

Kaffe/te og noe å bite i fra kl 11. Gjesten vår får ordet kl 1130, og kl 1230 avsluttes treffet.

Eli og Per Bjerkreim, Aasta og Per Heien, Marit og Jorulf Lillemo ønsker alle hjertelig velkommen!



## Eyvind Skeie

- salmeskrivar, forfattar og teolog -

**Bryne kyrkje,  
sundag 08.04.2018,  
kl. 19.00.**

**«Pilegrim»**

Foredrag, korsong, solosong, fellessong og musikk.

Pilegrimsmotivet i vid forstand vil bli trekt fram i foredrag og frå dei salmane av Skeie som blir sungne.

Bevertning.

Inngangspengar: kr 150

Arrangør: Pilegrimskomitéen for Jæren prosti

## TUR & DRØS -og en liten kaffidråpe

Lett tur fra Ålgård kirke kl 10.00-11.30 annenhver tirsdag (i partallsuker)

Oppstart 5. september



Møt opp ved kaféinngangen  
Kontaktperson Inger Johanne Ravndal Lima, tlf 918 62 161

# Herlig huskirke med herlig ungdom!

Hva er vel bedre enn å samles en koselig tirsdagskveld? Få en liten pause på skole arbeid og annet stress. På huskirke for VGs elever kan man samles klokken 19:00, hos Margunn Skaarland, som har åpnet hjemmet sitt for huskirke! På huskirken kan man få oppleve kristent felleskap i hverdagen! Vi har det veldig fint sammen og koser masse, masse!

Stian Buland Lie er så grei som har frivillig sagt ja til å være leder for oss VGs elever. Han gikk selv på huskirke når han var yngre og synes det var veldig kjekt. Han bidrar med å lage et bra opplegg for oss ungdom, slik at vi også skal få oppleve huskirken på den måten han fikk, bare enda bedre. Stian sier selv at han synes det er viktig at vi kan samles for å være sosiale, henge sammen og ha gode samtaler. Da han gikk på huskirke var det mest fokus på bibelen, men nå har han valgt å sette mest fokus på det sosiale, det kristne felleskapet. Vi ungdom synes dette funker bra og er en god plan.

Det kan ofte være lettere å ha med seg gud og lage tid til gud i helgene når du kanskje skal på et kristent arrangement, enn å huske på han i hverdagen. Men på huskirken får man akkurat det. Du får rett og slett



påfyll! Påfyll av felleskap, gode ord og samtaler, gud og ikke minst mat! Vi på huskiren prater vi om alt mulig, om de rareste ting. Vi ser på hva et enkelt ord kan bety i mange forskjellige perspektiv og hvilke tanker vi alle har om denne tingen. Vi diskuterer ord og dets betydning. Små ord, små gjenstander kan bety så mye og kan lett knyttes til kristendommen, tro og andre ting i våre liv. Alle får mulighet til å komme med ordet og alle er selvsagt hjertelig velkomne.

Fyller du hverdagen din med litt hjemmekoselig huskirke, da hjelper det på. Kjør på, prøv noe nytt og bli med!

Åshild Årvoll

## ÅLGÅRDKONSERTENE

Neste konsert i rekken av Ålgårdkonsertene er 8. april kl 19.00, da er temaet TANGO.

Tango har sin opprinnelse fra Argentina og Uruguay. Den oppsto blant de fattige. Den hadde en lyssky begynnelse, og blei i utgangspunktet danset i bordeller, lugubre kneiper med jordgulv, og på gatehjørner, mens valsene var de rikes dans. Tekstene kan minne om blues, der de djupe og såre følelsene kommer fram i smerte og selvmedlidenhet, som fra en mann som har blitt forlatt av en kvinne. De djupe følelsene kommer også fram i menneskenes gudsforhold. Vi ser det i den argentinske salmen: «Fordi han kom og var som morgenrøden» NOS 479, også kalt Håpstango. Tangoen blei særlig danset i mellomkrigstidas Norge.

På konserten vil artistene være Jaak Lutsoja og kona Kersti Ala-Murr fra Estland, Lars Ole Bergersen fra Nærbo og Maciej Stroynowski fra Polen. Det vil bli akkordeon, sang, fiolin og flygel.



## Strikkekafé

**Torsdag kl 19.30-22.00.  
11.jan, 8.febr, 8.mars,  
12.apr.**

Underetasjen i Ålgård kirke

Salg av kaffe og noe å bite i

Kontaktperson:  
Else Fjermestad,  
tlf 95965303



# Et litt annerledes misjonsarbeid

FORMIDLET AV ERIK TANGEDAL

Ja, slik karakteriserer lege Per Bjørgaas det som startet 17. mai 2005 da han tok ut med bil og familiens flyttelass for å kjøre landeveien til Mongolia.

## Starten og fortsettelsen

Familien Bjørgaas jobbet for Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) i Mongolia fra 2005-07. Under oppholdet der så Per behovet for bedre hus, spesielt gjennom de kalde vintrene. Fyring med steinkull gir mye foreurensning og er dyrt for folk som er fattige fra før.

Per startet i 2007 en bedrift i Ulaanbaatar som lager byggeblokker av lettbetong. Isopor i blandingen isolerer veldig godt, slik at det ikke trengs annen isolasjon. Kontakter i Kina lager produksjonsutstyr til driften. Han som nå er direktør er en kristen mongol som tidligere jobbet for NLM i Ulaanbaatar. For 4 år siden ble Per kontaktet av NLM-utsendinger i Sentral-Asia som inviterte han til å se på mulighetene for en lignende fabrikk i Usbekistan. Nå er det en fabrikk der også, og interessen for produktet er stor. Direktøren der er en kristen usbeker vi møtte gjennom NLM-kontakter i Tasjkent.

## Hvorfor gjør du dette?

Jeg er vel en grunder-type i utgangspunktet, og får lyst til å skape noe når jeg ser et behov, slik jeg gjorde i



Skilt på fabrikken i Mongolia (Bjørgaas Company)



Mongolia. Jeg fikk kjennskap til produktet gjennom kontakter i Norge og litt hjelp til å utvikle det videre. Jeg mener at næringsutvikling er noe av det viktigste som hjelper fattige land til å utvikle seg så folk får det bedre. De får bedre boligstandard og samtidig skapes det jobber så flere kan komme ut av fattigdom.

Så ser jeg også på det som en tjeneste for Gud, et litt annerledes misjonsarbeid, om du vil. Jeg er åpen med at jeg er kristen, og respekteres for det. Jeg håper å bidra med en bærekraftig bedriftsmodell med god etisk standard som kan smitte i disse samfunnene der korruption og utnytting er så vanlig.

## Hva med penger? Det kreves vel ganske store investeringer for å starte opp ....

Jeg har en del inntekter fra eiendomsutleie i Sandnes, og det meste av midlene kommer derfra. Jeg har ikke tjent noe enda, men bedriften i Mongolia går nå rundt på et vis, selv om det har vært dårlige tider i byggebransjen de siste 2-3 årene. I Usbekistan er det stort potensiale for gode inntekter, men vi må få opp kapasitet og effektivitet. Vi har hatt store ordrer siste året vi har måttet si fra oss pga for liten kapasitet og mangel på arbeidskapital. Så nye investorer er hjertelig velkomne! Målet er å få til bærekraftig drift med overskudd som kan investeres videre i andre

Per sammen med direktøren Abdusamad utenfor kontoret i Tashkent



Lager på fabrikken av ferdige blokker (Uzbekistan)



Direktøren i Mongolia, Burenbat (til vanlig kalt Burnee) og Per



Lastebil med reklame for produktene (Uzbekistan)

prosjekter, der eller i andre land der det legger seg til rette.

### Du reiser mye, da?

Det blir endel turer i året, ja. Både til Mongolia og Uzbekistan, og også til Kina. Jeg jobber redusert på legekontoret så det blir tid til å følge opp. Mye tid går også med på Skype med direktørene lokalt. Spennende er det også at norsk misjon begynner å se "business as mission" som et satsningsområde for bistands- og misjonsvirksomhet framover. Jeg var nylig på et møte i NLM i Oslo der dette ble diskutert.

### Når var du på reise sist?

Nå i februar var jeg i Uzbekistan, og

traff da den nye ambassadøren til Uzbekistan fra Norge. Han er veldig interessert i det vi driver med og besøkte fabrikken. Han introduserte oss også for myndighetene helt opp på ministernivå. Det skjedde en endring etter at den gamle presidenten døde forrige høst (han med datteren som handlet med Telenor...) Den nye presidenten har gjort endringer som gjør det lettere å etablere og drive virksomheter i landet. Veldig spennende at det åpner seg litt mer!

Bedriften vår har også fått arrangere kurs for bedriftsledere, både om grunderskap, etikk og kvalitetssikring, med støtte fra myndighetene.

### Har du noe å dele som har gjort spesielt inntrykk på deg?

En gang i fjor var vi (Målfrid var også med den gangen) på et møte med en politisk leder for å diskutere mulige samarbeidsområder. Midt i samtalen stoppet han opp og sa: " jeg må bare si at dette er første gangen jeg har opplevd at noen utlendinger kommer hit for å diskutere hva de kan gjøre for folket mitt, og ikke bare prøver å få tak i penger de kan føre ut av landet ..." og vi så at han var ærlig berørt. Det gjorde sterkt inntrykk. Kanskje noe av Guds kjærlighet kan virke gjennom oss?

# Fest og pest på Solskinsøya Madagaskar

TEKST: ERIK TANGEDAL. FOTO PRIVAT.

"For 60 år sidan var Madagaskar og Sør Korea på same nivå. Nå er Sør Korea 390 gonger rikare, og Madagaskar femte fattigaste landet i verda. Det var veldig vondt og sårt å sjå fattigdommen, men folka me møtte dei var så skjønne!" Maria Nordland boblar over av inntrykk og glede for jubileumsturen ho fekk vera med på.

Målet for reisa var 150 års feiring av norsk nærvær på Madagaskar, eller rettare sagt: Den lutherske kyrkja sitt 150 års jubileum. På det opphavlege programmet stod ei 6 dagars feiring fram mot kjempesamlinga søndag 30. oktober med friluftsgudsteneste for fleire titals tusen i landsbyen Betafo. Misjonsprest John Eng heldt si første gudsteneste her i desember 1867. Ein alvorleg epidemi med lunge- og byllepest sette stoppar for alle store samlingar. I staden vart det "norsk" intern feiring for ca 150 gjester derav 120 norske på den tidlegare norske barneskulen i Antsirabe 27.-29. oktober. Med statsmidlar frå Noreg er skulen omgjort og utbygd til konferanse-senteret "LOVASOA", "Den Gode Arv". Visegeneralsekretær i FN Erik Solheim var gjest og fortalte at han i si tid som utviklingsminister hadde trass motstand i departementet gått inn for statsstøtte til Lovasoa, noko han nå såg var rett.

Det var to gjesdalbuar i gruppa på 19 norske gjester som i oktober 2017 landa i hovudstaden Antananarivo. Maria Nordland frå Ålgård og Pauline Gilje frå Dirdal. Tolk og reiseleiar var



Pauline Gilje og Maria Nordland på besøk hos dåpsklut-syerskene hos Fanja.

sokneprest Martin Ivar Arnesen og kona Sigrun som er sokneprestar i kvar si sokn i Ryfylke. Dei har i fleire år vore misjonærar på Madagaskar. "Det var ei oppleveling å sjå møtet mellom misjonæren og gassarane", seier Maria. "Så stor gjensidig respekt og varme!".

## Fru Hasina

Den lokale reiselivsoperatøren fra Hasina kan ikkje Maria få gitt nok ros. Ho har utdanning frå Hotellhogskolen i Stavanger. Hasina hadde lagt opp reiseruta på Madagaskar både nå og førre gong Maria var på Madagaskar for 12 år sidan, den gongen på sykkeltur med Tore Nærland. Hasina driv også sosialt arbeid for barna i nærmiljøet. 100 av desse barna stilte opp og song utanfor hotellromet der Maria låg sjuk med magesjau. «Nokre dagar med magetrøbbel høyrrer vel med på ein slik tur».

## Dåpsklutar for norske dåpsbarn.

Fru Fanja starta i 1994 broderiundervisning for fattige damer i Antsirabe. Nå har ho eige atelier der 40 damer livnærer seg med syarbeid i "Broderi Fanja". Dåpsservettane som norske dåpsbarn får med seg heim etter dåpen, er sydde i atelieret til Fanja. 1200 dåpsklutar i året til norske kyrkjelydar hjelper på økonomien slik at fru Fanja slepp sei opp folk når broderisalet lokalt i periodar går ekstra tregt, fortel Maria, og legg til: «Barna til sydamene i atelier til Fanja får også mat kvar dag og legetilsyn to gonger om året».



# Fastetid og påske

«Lat ikkje hjartet dykkar uroat! Tru på Gud og tru på meg!» Johannes 14,1

«Hugs å mate småfuglane i vinterkula» skriv ein ven på Facebook. «Sjå fuglane under himmelen» sa Jesus. Det var ein vårdag ved Genesaretsjøen. Liljene blømde og fuglane kvitra frå oliventrea rundt. Folk var samla, nysgjerrige og fulle av beundring om denne mannen. Ikkje berre viste han dei ein veg i trua som dei kunne følge, han fortalde og underviste korleis dei skulle leva. Korleis skal ein be? Kva skal eg gjera når det kjem til pengar? Korleis skal eg behandle dei eg ikkje likar? Alt underviste han klokt og godt om. «Vær ikke bekymra for morgendagen!»

Kyrkjeåret går veldig fort over frå juletid til faste og påske. I truedkjenningsa er det ikkje noko skilje i det heile: «...født av Jomfru Maria, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, død og vart gravlagt...» Fastetida er vegen til Jerusalem og Golgata. Fastetida er som eit kommateikn, ein pause i truedkjenningsa, mellom Jesu fødsel og død. Å gå den same vegen som Jesus, i bibeltekstane, stoppa på vegen, og så vidare.

I Getsemanehagen kjempar Jesus sin store kamp. Lukas skriv «Og han kom i dødsangst og bad endå meir inderleg, så sveitten hans fall som bloddropar ned på jorda.» (22,44) Læresveinane klarar ikkje å vake saman med han, det ligg eit mørkt og tungt slør over desse forteljingane. Likegyldige vener, kross og liding som ventar, sorg, angst og frykt. Det er så langt, langt frå den idyllen ved Genesaretsjøen med liljene

og fuglane. «La ikkje hjartet bli gripe av angst!» har han nettopp forkjent for læresveinane. No sveittar han blod i angst sjølv.

Kvífor all denne lidinga? Mange spør seg korleis dette kan ha seg – me har då ein så god og kjærleg Gud Fader! Det finns mange kreative og gode argument – men svaret er det same som kristne har svart i 2000 år. Jesus tek bort synda i verda. «Sanneleg, våre sjukdommar tok han, vår smerte bar han» profeterar Jesaja om Messias. Jesus ber verdsens synd og mørke til krossen. Hans død, mørke og liding er for å gi vår død, vårt mørke og liding ei sterk lysglime av håp.

«Vær ikkje bekymra – Lat ikkje hjartet dykkar uroat» vert det ikkje berre tomme ord om det ikkje var for påskedagen? Orda får kraft og vert ekte og sanne fordi han som seier dei har nøklane til døden og dødsriket, han har sigra over døden og det vonde. «Stod opp frå dei døde tredje dagen!» Dette håpet er så sterkt at Paulus skriv i Romarbrevet «For i håpet er de frelse!

Så er det ikkje alltid like enkelt å tru fast og sterkt. Me ser lidinga i verda, dei fleste kjänner og har møtt døden. I salme 10,11 er det ein seier: «Gud løyner sitt andlet». Det kan kjennast som om Jesus er langt vekke. Påskebodskapen seier oss: Jesus sjølv ropte «Min Gud, kvífor har du forlate meg» og han gjekk sigrande ut av grava. Det har du også fått del i, berre fordi Gud ville det slik.

«Du ser både ulukke og sorg, du ser det og tek det i di hand» Salme 10,14



Bjarte Hetlebakke er sokneprest i Gjesdal. Dette kirkeåret leverer han teologiske refleksjoner i egen spalte kalt «Troens ABC».

## En menighet blir til!

TEKST: INGER BJELLAND OG SVEIN INGVE NØDLAND

Det er før 1991 og Estland er en del av Sovjetunionen. Vi er i Mustamäe, en bydel i Tallin, Estlands hovedstad. Her bor det mange titalls tusen mennesker, men det finnes ikke noen kirke eller andre gudshus i bydelen. Myndighetene tillater ikke at folk samles til religiøse møter i det hele tatt.

En gammel katolsk prest bor i Mustamäe. Han får nød for folket der. Et folk som ikke har noe sted der de kan komme sammen for å be, eller for å ta imot Guds ord og sakrament. Han begynner å gå rundt i Mustamäe. Mens han går ber han, ber om at det må vokse fram en kristen menighet i bydelen.

For omrent tolv år siden kom 5 – 6 stykker sammen for å be om det samme som den gamle presten ba



om: En kristen menighet i Mustamäe. Og nå, mange år etter, er det reist ein stor og flott kirke der huset til den gamle presten stod. Den er ferdig utvendig, men ikke innvendig enda. Det beste er likevel at det nå er en kristen menighet i Mustamäe. Bønnene har tydelig fått svar. Når vi nå kommer til Tallin, kan vi feire gudstjeneste med en levende, voksende menighet som holder til i et kjellerlokale. Men den nye kirken er nesten ferdig og menigheten vokser.

Estland er Gjesdal sokns nye misjonsprosjekt. Vi får være med å støtte arbeidet i Mustamäe og Saku, en annen menighet i Estland, med både forbønn og penger.

# Gudstjenester

Ønsker du kirkeskyss?  
Kontakt kirkekontoret  
(tlf 51614940)  
innen fredag før gudstjeneste.



## Gudstenester Gjesdal sokn

- 18.mars kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Stokkelandsmarka menighet  
18.mars kl 19.30 Frafjord bedehus v/ Bjarte Hetlebakke. Fastemøte. Nattverd. Offer til Frafjord søndagsskule  
25.mars kl 11.00 Dirdal kyrkje Palmesøndag. «Sprell levende»-gudstjeneste  
v/ Bjarte Hetlebakke og Kristine Hiim Gilje. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet  
29.mars kl 19.30 Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Offer til menighetsarbeidet  
30.mars kl 19.30 Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Lukaspasjonen  
01.april kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til menighetsarbeidet  
08.april kl 11.00 Oltedal kyrkje v/Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Stefanusalliansen  
15.april kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/Vidar Gjesdal. Nattverd, bønevandring. Offer til Fredly søndagsskule  
22.april kl 11.00 Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Offer til trusopplæringa  
29.april kl 11.00 Oltedal kyrkje Konfirmasjonsgudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke og André Skjærpe.  
Offer til konfirmantarbeidet.  
06.mai kl 10.30 og 12.00 i Dirdal kyrkje. Konfirmasjonsgudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke og André Skjærpe.  
Offer til konfirmantarbeidet  
06.mai kl 11.00 Gjesdal kyrkje v/Vidar Gjesdal. Nattverd. Offer til trusopplæringa  
10.mai kl 11.00 Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til trusopplæringa  
17.mai kl 09.45 Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Offer til Kirkens Nødhjelp  
kl 11.15 Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Offer til Kirkens Nødhjelp  
kl 11.30 Gjesdal kyrkje v/ Oddbjørn Stangeland. Offer til Kirkens Nødhjelp  
27.mai kl 11.00 Gjesdal kyrkje. Konfirmasjonsgudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke og Leif Nyborg.  
Offer til konfirmantarbeidet  
3.juni kl 11.00 Dirdal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til menighetsbygging Estland (NMS)  
3.juni kl 19.30 Gjesdal kyrkje Gudstjeneste. Nattverd. Offer til menighetsbygging Estland (NMS)  
10.juni kl 11.00 Oltedal kyrkje v/ Bjarte Hetlebakke. Dåp, nattverd. Offer til Oltedal søndagsskole

## Gudstjenester i Ålgård menighet – Ålgård kirke

- 17.mars kl 20.00 SURRENDER ungdomsgudstjeneste  
18.mars kl 11.00 G2 v/ team. Nattverd. Førsteklasses – trosopplæring for 1.klasse. Offer til menighetsbygging Estland (NMS)  
25.mars kl 11.00 Palmesøndag v/ Mikkel Eikill Jebe. Nattverd. Offer til trosopplæringen  
30.mars kl 11.00 Langfredag v/ Bjarte Hetlebakke. Lukaspasjonen  
01.april kl 11.00 1.påskedag v/ Oddbjørn Stangeland. Dåp, nattverd. Offer til Centro Creer handikap-senter  
06.april kl 11.00 Hverdagsmesse v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd  
08.april kl 11.00 G1 v/ Mikkel Eikill Jebe. Nattverd. Offer til menighetsplanting Stokkelandsmarka  
15.april kl 11.00 G2 v/team. Dåp. Offer til Anastasia treningsenter  
22.april kl 11.00 G1 v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd. Offer til Fin Fredag og Large  
28.april kl 11.00 og 13.00 Konfirmasjonsgudstjeneste v/ team. Offer til ungdomsarbeidet  
29.april kl 11.00 G2 v/team. Nattverd. Offer til ungdomsnettverk Carlisle (NMSU)  
04.mai kl 11.00 Hverdagsmesse v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd  
06.mai kl 11.00 G1 v/ Kjell Børge Tjemsland. Dåp. Offer til Åpne Dører  
12.mai kl 11.00 Konfirmasjonsgudstjeneste v/ team. Offer til ungdomsarbeidet  
13.mai kl 11.00 G2 v/ team. Dåp, Nattverd. Offer til Centro Creer handikap-senter  
17.mai kl 10.15 Familiegudstjeneste v/ Oddbjørn Stangeland. Offer til Kirkens Nødhjelp  
20.mai kl 11.00 Pinsegudstjeneste i samarbeid med Gjesdal sokn og Baptistkirken. Nattverd. Offer til Åpne Dører  
27.mai kl 12.00 Gudstjeneste i Perlå v/ Mikkel Eikill Jebe. Offer til speideren  
01.juni kl 11.00 Hverdagsmesse v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd  
03.juni kl 11.00 Familiegudstjeneste på menighetsweekend v/ Oddbjørn Stangeland. Nattverd  
10.juni kl 11.00 G2 v/ team. Dåp. Offer til diakoniarbeidet

# Gjennom livet



## Døpt

Oltedal kyrkje	21.01	Mari Hetland, Åshild Auestad
Ålgård kirke	28.01	Erling Idland, Selma Louise Balyen, Elvira Skollevoll Verbeek
Oltedal kyrkje	04.02	Colin Jensen
Ålgård kirke	11.02	Fillip Eikeland Pedersen, Håkon Otten, Viktor Assersen
Gjesdal kyrkje	11.02	Einar Berge Molaug

## Gravferder

Ålgård kirke	19.01	Torbjørg Pauline Kalsås, 85 år
Ålgård kirke	26.01	Mirjam Ålgård, 84 år
Gjesdal kyrkje	26.01	Per Bollestad, 84år
Ålgård kirke	02.02	Karleif Skjæveland, 95 år
Dirdal kyrkje	02.02	Gunvor Gilje, 69 år
Ålgård kirke	09.02	Sol Salazar Aase, 0 år
Dirdal kyrkje	16.02	Elbjørg Gilje, 92 år
Ålgård kirke	20.02	Georg Vestergård Pedersen, 91 år
Oltedal kyrkje	20.02	Eilif Wange, 82 år
Gjesdal kyrkje	23.02	Eli Gjesdal, 99år







**NILS REIME MASKIN**  
GODKJEND ENTREPENOR - ALT I GRAVING OG TRANSPORT  
TAKSDAL 4342 UNDHEIM  
Tlf: 51 48 45 11 FAX: 51 48 60 64 MOB: 971 59 400

Alt innan graving.

**Svein Madland**

**Maskin**

Brekko  
4330 Ålgård

Tlf: 51 61 68 15  
Mob: 917 55 958  
svmadla@online.no



**REMA 1000**



**TOR FINN HØYLAND**  
Kluge, Ålgård  
51618098 911 54 318  
*Alt i legging av  
tepper og golvbelegg*



Mye å glede seg til. Alltid.



**Gilja Soneterapi**  
Tlf. 958 03 916



TLF:  
98471994

**KONGEPARKEN CAMPING A/S**



Tlf. 51 61 75 76

**NOVA**

BEGRAVELSESBYRÅ

**51 61 04 00**



Hanne Brit  
Sandsmark  
og Møyfrid  
Hersdal

Skogveien 6, Ålgård  
[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)

Begravelsesbyrå



**Obed**  
**Sandnes**  
Begravelsesbyrå

Tlf: 51 68 13 00  
24-timers vakttelefon  
[www.obed.no](http://www.obed.no)

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

DØGNVAKT

51972900

Oalsgt. 75, 4316 Sandnes

[www.krogedal.no](http://www.krogedal.no)

# Kreativt verksted "Jesus i kunsten" for 5-10 klasse

Første del ble gjennomført i vinterferien der tre jenter i 6. og 7. klasse fikk prøve seg i keramikerverkstedet til Runar Olsen. Et av prosjektene var «Skatten i leirkar» der barna laget skål til å ha te-lys i. Lærerikt og kjekt er tilbakemeldingen.

Nå inviterer vi til følgende kurs:

## MALING (12 ledige plasser)

v/ kunstner Siri Anette Berge Syvaldsen  
Mandag 19 mars og onsdag 21. mars kl. 16:30 - 18:00 i Kafé, Ålgård kirke.



## GLASSKUNST (venteliste)

v/ kunstner Solbjørg Ravndal  
Dato avtales etter påmelding. En kveld eller lørdag før påske.



Påmelding: algard.kirken.no

Målgruppe 5.—10. klasse. 7. og 8. klasse vil bli prioritert.

## Påsken i våre kirker

Påsken er et drama på liv og død som utspiller seg over flere dager: Palmesøndag rir Jesus inn i Jerusalem og hylles som konge. Skjærtorsdag spiser han sammen med disiplene for siste gang og innstifter nattverden. Langfredag blir han korsfestet på Golgata og dør. Påskedag står han opp fra de døde og 2. påskedag fortelles det blant annet om hvordan han møter to disipler på veien til Emmaus og snur opp-ned på deres liv slik at de omvender seg.  
(www.bibel.no)



### PALMESØNDAG, 25.MARS

**Dirdal kyrkje kl.11.00:** Familiegudstjeneste v/ Bjarte Hetlebakke og Kristine Hiim Gilje. Utdeling av boka «Tre i et tre» til førsteklassingene og sang av Gilja barnegospel  
**Ålgård kirke kl.11.00:** Familiegudstjeneste v/Mikkel Eikill Jebe

### SKJÆRTORSDAG, 29.MARS

**Oltedal kyrkje 19.30:** Felles kveldsmesse for Ålgård og Gjesdal sokn v/ Bjarte Hetlebakke. Kveldsmåltid sammen i kyrkjesalen etterpå

### LANGFREDAG, 30.MARS

**Kl 11.00 i Ålgård kirke og kl 19.30 i Dirdal kyrkje:** Lukaspasjonen om Jesu lidelse og død, leses og synges sammen. V/Bjarte Hetlebakke

### 1.PÅSKEDAG, 1.APRIL

Vi feirer Jesu oppstandelse og makt over døden, med festgudstjeneste!

**Ålgård kirke kl.11.00:** Ved Oddbjørn Stangeland

**Gjesdal kyrkje kl.11.00:** Ved Bjarte Hetlebakke. Kirkekaffe ute, om været tillater det.

# Musikk kan være så mangt!

TEKST: MÅLFRID BJØRGAAS  
FOTO: ANDREAS A. EIDSAA SR.

Noen ganger er musikk noe som er der bare for å unngå stillheten, på det verste bare bakgrunnsstøy..... Andre ganger får sanger med tekst bety noe helt spesielt for oss. Musikk kan skape mange slags følelser: glede, sorg, munterhet, melankoli, ettertanke, hente fram både gode og vonde minner. For noen er musikkopplevelsen sterkest knyttet til å synge selv eller spille et instrument, for andre til å lytte.

To søndagskvelder etter nyttår har jeg hatt helt spesielle musikkopplevelser i Ålgård kirke. Siste gangen var søndag kveld 25.februar. Edvards Griegs A-molls-konsert ble framført med fire hender på to instrumenter, flygel og piano (pianoet fra Ålgård gamle kirke er herved kommet til heder og verdighet igjen...). Jeg så på hender som lekte med tangentene på en så utrolig måte at jeg nesten fikk frysninger. En rystende, flott opplevelse gitt oss av musikere i verdensklasse!

De som spilte var Maciej Stroynowski og hans bror Tomasz. Maciej er for en av våre egne å regne, han var tidligere ansatt i organiststilling i Ålgård menighet og driver musikkskole på Nærbo i tillegg til å spille konserter rundt om. Hans bror er også profesjonell musiker, bor og arbeider i Polen og kom til Ålgård for anledningen.

Ålgårdkonsertene er et nytt konsept som startet opp i januar 2018 i samarbeid med kulturkontoret i Gjesdal kommune.



Ei gruppe av musikkinteresserte i Ålgård menighet står bak arrangementene sammen med initiativtakeren Maciej Stroynowski. Planen er å arrangere tre konserter hvert semester i Ålgård kirke, ulike sjangere med høy musikalsk kvalitet.

Neste konsert er 8.april, med tema "TANGO", (se mer info side 9).

Da syns jeg vi skal fylle opp hele kirkerommet!

Så, Ålgård- og Gjesdalfolk, kom dere ut av sofaen og få med dere musikkopplevelser dere sent vil glemme! Og til dere som bor litt mer i "utkanten", f.eks i Sandnes eller Stavanger, hvorfor ikke ta turen til en konsert i verdensklasse?



Brødrene Maciej og Tomasz Stroynowski gav publikum en rystende, flott opplevelse!

vipps

Har du lyst å gi en gave til trosopplæringen i Gjesdal sokn?

Vipps til: Gjesdal sokn trosopplæring vippnummer 125490

Kirkekaffekernes

# Raketips

Hver eneste uke er det noen frivillige vi alle nytter spesielt godt av, nemlig de som lager til kirkekaffe til oss alle. For å løfte frem de, som uke etter uke disket opp med de deilige retter, har vi valgt å ha en ny spalte i menighetsbladet. Vi håper på å få et lite innsyn i de ulike kirkekaffekernes topphemmelige kokebøker.



I den trofaste gjengen av kirkekaffekokerne i Oltedal kyrkje er Inger Sofie Vik Rosland. I denne utgaven deler hun oppskriften på en kake som går rett hjem hos alle, og kanskje spesielt ungdommen, eller «brownies-generasjonen» som vi akkurat her og nå velger å kalle dem. En saftig og passe klissette sjokoladekake: «**Mormors sjokoladekake**».



Kirkekaffegjengerne som har fått oppleve Inger Sofies kake, anbefaler den virkelig!!

Dersom dere selv har noen gode oppskrifter på lager,

eller har smakt en kake på kirkekaffen dere gjerne vil ha oppskriften på, send inn oppskrifter, bilder, og tips til menighetsbladet, så kan vi spre det gode budskap!